



Fløssvika Utvikling A/S
Kvassnesvegen 32
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2200 - 15/19347

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
13.05.2015

Gbnr196/141 Midtgård/Leiknes. Deling av areal til felles vegar for overføring til Lindås kommune.

Eigedom: gnr.196 bnr.141 Midtgård/Leiknes
Adresse for eiged.: Bustadfeltet
Type tiltak: Deling av grunneigedom for å føre felles vegareal over til kommunen
Heimelshavar: Fløssvika Utvikling A/S
Søker: Fløssvika utvikling A/S

Saka gjeld:

I bustadfeltet Midtgård/Leknes ligg det to «vegstumpar» som er offentleg veg. Kommunen har ansvar for vedlikehald av desse vegareala. I utbyggingsavtalen mellom kommunen og utbyggjar, heiter det i pkt.5 at kommunen overtar vegareal i feltet for drift og vedlikehald.

Søknaden her gjeld frådeling av desse vegareala for overføring til kommunen.

Det gjeld parsell A, med eit areal målt på kartet til om lag 1,2da. Det er vegen aust i feltet frå krysset mot kommunal veg og nordover mellom eigedommane 196/157 til 196/160 på den eine sida og eigedommane 196/162 til 196/65 på den andre sida.

Det gjeld og parsell B, med eit areal målt på kartet til om lag 0,5da. Dette er første del av vegen inn i felt frå avkøyring Leknesvegen og forbi eigedommane 196/135 og 145. Dette er hovudtilkomst til feltet.

Planstatus/dispensasjonar:

Tiltaket ligg i regulert bustadfelt, og er i samsvar med utbyggingsavtale for feltet. Det er likevel ei lita hake: «Overtaking til drift- og vedlikehald skal skje etter at feltet er ferdig utbygget i samsvar med reguleringsplan og godkjend av teknisk etat».

På førespurnad til teknisk etat har planavdelinga fått slikt svar: «Feltet er ikkje heilt ferdig utbygd endå, men Lindås kommune, teknisk drift har overtatt brøyting og strøing på dei to vegparsellane. Vi har i tillegg skriftleg avtale med utbyggjar etter synfaring, på overleveringa av kommunalteknisk anlegg som sikrar dei manglane som er på anlegget»



Sakshandsamar vurderer dette slik, at delinga som det no er søkt om, kjem på eit tidspunkt som teknisk avdeling finn er i samsvar med avtalar som er inngått. Dispensasjon er såleis ikkje naudsynt.

Nabovarsel er ikkje naudsynt.

Veg/vassforsyning og avløp er ikkje tema i denne saka. Det gjeld frådeling av areal til veg, som er bygget i samsvar med gjeldande reguleringsplan.

VEDTAK:

Med heimel i Pbl § 20-1 bokstav m) gjev Lindås kommune løyve til at to vegparsellar A på omlag 1,2da og B på omlag 0,5da, kan delast frå gnr.196 bnr.141 Midtgård/byggefelt. Delinga er i samsvar med søknad motteke 12.05.2015, og er synt på kart som ligg ved søknaden. Deling er i samsvar med gjeldande reguleringsplan og utbyggingsavtale.

Dersom deling ikkje er gjennomført med oppmålingsforretning innan tre år frå løyvet er gjeve, fell løyvet bort, jf. Pbl §21-9.

Grunngjeving for vedtaket:

Kommunen vurderer deling etter Pbl §20-1.

«Deling må ikkje vere i strid med lov, forskrift, vedtekt eller plan.»

Deling er i samsvar med gjeldande plan.

Privatrettslege servituttar kan hefte ved eigedommen og vere til hinder for gjennomføring av deling. Slike servituttar vedkjem ikkje løyvet til deling gjeve av kommunen med heimel i Pbl.

Gebyr:

I samsvar med gjeldande gebyrregulativ for kommunen, vedtek 11.12.2014, vert det sendt ut følgjande gebyr:

Deling i samsvar med grenser fastsett i godkjend reguleringsplan kr.3400,-

Mynde:

Vedtaket er eit enkeltvedtak, og partane har klagerett i samsvar med §§ 28 flg. i Forvaltningslova. Klagen må vere sett fram innan tre veker frå partane fekk kunnskap om vedtaket.

Med helsing

Arnold Matre
fagleiar

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Fløssvika Utvikling A/S

Kvassnesvegen 32 5914

ISDALSTØ